



15 bueiningar – s. 5



Fullfinansiert – s. 26



17. mai-talar – s. 28



BOKN BYGDABBLAD

Nr. 1 februar 2015 – Årg. 30



Rogfast - s. 2



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ  BOKN



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

Reguleringsplan for Rogfast

Sist i januar blei reguleringsplan for Rogfast i Bokn lagt ut på høyring. Planen omfattar den nye vegen som skal byggast frå tunnellinnslaget på Laupland til tilknytinga til E39 ved Knarholmen. Planen ligg på høyring fram til 6. mars.

Strekninga er på om lag to kilometer og omfattar ny, firefelts veg fram til E39. Reguleringsplanen tar også med dei undersjøiske tunnelane som skal gå parallelt frå Kvitsøy til Bokn, i tillegg til luftetårnet som er planlagt på Kråga, straks aust av Loden.

Det var sentrale vegstyresmakter som i juni 2013 bestemte at Rogfast skal byggast med maks fem prosent stigning opp til Arsvågen i staden for sju prosent som tidlegare planlagt. Dette innebar at planane for Rogfast måtte omarbeidast i Bokn kommune. Mest blir dette gjort for å få betre tunnelsikring. Statens vegvesen meiner mellom anna at ei slik redusert stigning vil gje 20 prosent færre branar eller tilløp til brannar hjå tunge køyretøy i tunnelen.

Sjølve planprogrammet blei vedtatt av kommunestyret i Bokn den 24. juni i 2014, og sidan den gangen har Statens vegvesen brukta mykje ressursar og jobba intenst for å få ferdig reguleringsplanen. Målet er at reguleringsplanen skal til politisk behandling i kommunestyret i Bokn den 16. juni. I tillegg må også Randaberg og Kvitsøy gjere sine vedtak for den delen av Rogfast som ligg i desse kommunane.

Framtidig vassproduksjon

I samband med kommunestyrebehandlinga av planprogrammet for



Prosjektleiinga i Rogfast gjennomførte informasjonsmøte i samband med den nye reguleringsplanen for prosjektet i auditoriet på Bokn skule den 9. februar. Her er det prosjektleiar Tor Geir Espedal som informerer dei frammøtte.

Rogfast i 2014, blei det også vedtatt ein samarbeidsavtale mellom Bokn kommune og Statens vegvesen. Eitt av punkta i avtalen galdt produksjon og levering av vatn.

Bygging og drift av Rogfast vil krevja mykje vatn, både til driving av tunnelen, til tunnelvask i driftsfasen og til brannsløkking. I møte med Rogfastutvalet og prosjektleiinga i Rogfast den 5. februar blei ein einig om at Statens vegvesen i løpet av prosjekteringsperioden skal utarbeide planar for naudsynt kapasitet for vassforsyninga til Rogfast både i anleggsfasen og i driftsfasen. Det trengst eit høgdebasseng i nærleiken av tunnelinnslaget. For at ein ikkje skal få groing i røyrssistema, må det til reinsa vatn. For å få sikker tilførsle av vatn, er det aktuelt med ringleidning.

Prosjektleiinga i Rogfast reknar med at ei felles løysing vil vera til nytte både for Rogfast og Bokn kommune. For å få til dette, må vassverket bli

bygd ut. Rogfast vil ta del i utbygginga av heile vassverket - både kjelde, reining, lagring og distribusjon. For at arbeidet med vassverket skal kunne bli forsert, tilbyr Rogfast at deira konsulentar kan ta over arbeidet med å planleggja. Kostnadene for naudsynt utviding av kapasitet og framføring av leidningsnettet i anleggsperioden blir då dekka av Statens vegvesen.

Dette er ein viktig konklusjon for Bokn kommune, som i fleire år har jobba med ei løysing som kan sikra nok vatn i bygda. Ei utviding av anlegget og bygging av nytt høgdebasseng blir dyrt og tungt for Bokn kommune å finansiera åleine. Med eit samarbeid med vegvesenet får ein ei snarleg gjennomføring av vassprosjektet, som vil sikre boknarane og Rogfast-prosjektet nok vatn.

Ordføraren

Jubileumsårgang

Hausten 1985 kom det ut to prøve-nummer av Bokn Bygdablad frå då-verande redaktør, Reidar Alvestad. Ordføraren det året, Leif Vatnaland, sa i ei julehelsing i bladet at han hadde god tru på at røynslene i prøve-perioden blei så positive at trykksaka ville bli eit fast innslag i lokalmiljøet. Og det blei dei så absolutt! Bladet blei tatt godt i mot og allereie året etter kom det ut 10 utgåver, noko som har halde seg heilt til i dag, frå eit sjølv-trykka svart/kvitt-blad i A5-format til eit fullfarga A4-blad frå profesjonelt trykkeri.

Ny drakt

I anledning jubileet har me sjølvsagt forandra litt på omslaget. Santiago Arellano har laga ein ny logo, som observante lesarar kanskje har oppdaga allereie er i toppen på www.bygdabladet.no. Kjenneteiknet terningen skal etter planen også brukast i ulike digitale samanheng. Det er også nytt at årets utgåver vil ha ulike bakgrunnsbilder på omslaget. Då vil

bladene utover året har ulik utsjånad, men likevel vera lette å kjenna att pga. fast logo og symbol.

30 år og framover

Årets desembernummer vil bli ei jubileumsutgåve, med ulike tilbakeblikk på den lokalhistoria som er samla i løpet av 30 år. Eit naturleg spørsmål i vår digitale verd er om desembernummeret samstundes blir den siste papirutgåva i Bokn Bygdablad si historie. Tida er kanskje moden for å drøfta om bladet berre skal bli digitalt og droppa det klassiske heftet ein kan halda i hendene og lesa mellom to permår, eller om ein framleis ska ta omsyn til den eldste generasjonen lesarar der ikkje alle er på nett enno?

Me tar gjerne i mot ytringar om dette.

Det høyrer med til historia at abonnementstalet har halde seg stabilt i mange år sjølv om samfunnet stadig blir meir og meir digitalisert.

Eg håpar du vil kosa deg med Bokn Bygdablad i jubileumsårgangen.

- redaktøren -

Frå forvalningsstyremøtet 4. des. 2014

Sak 046/14

Framlegg til reguleringsplan for Aksdalsnes naust og småbåthamn - 1. gongs handsaming

Forvalningsstyret sitt vedtak:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart vedtatt samråystes.

Etter dette har vedtaket ordlyd som fylgjer:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Aksdalsnes naust og småbåthamn med kart dagsett 03.11.2014 og føresegner dagsett 03.11.2014 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

I føresegnehene vert det teke inn fylgjande tilleggspunkt 3.3.6:Naust og båtplassar skal gå inn i driftsgrunnlaget for garden, og kan ikkje delast frå og seljast.

Sak 047/14

Gnr. 9 Bnr. 37 - Edvard Tjøstheim - Tillatelse til å rive og sette opp ny båtgarasje.

Forvalningsstyret sitt vedtak:

Samråystes vedtak vart følgjande:

1. I samsvar med § 19.2 i plan- og bygningsloven gis det dispensasjon fra

Framhald s. 23

Svar på Juleknask frå førre nummer

FINN SKJULTE DYRENAVN I TEKSTEN

- 1) Trost - Elg
- 2) Ørret - Hund
- 3) Hare - Maur
- 4) Rein
- 5) Mus
- 6) Hund - Okse
- 7) And - Kanin - Ku
- 8) Ulv - Elg
- 9) Sau - Orm - Oter
- 10) Rev

BYER OG KJENTE STEDER I NORGE

- 1) Råde
- 2) Namsos
- 3) Magerøy
- 4) Harstad
- 5) Meråker
- 6) Dombås
- 7) Brandbu
- 8) Ringebu
- 9) Notodden
- 10) Røros
- 11) Ski
- 12) Askim
- 13) Finnmark
- 14) Hankø
- 15) Time
- 16) Målselv
- 17) Vardø
- 18) Risør
- 19) Elverum
- 20) Ringerike
- 21) Otta
- 22) Bergen
- 23) Kvikne
- 24) Hadeland
- 25) Rena
- 26) Dokka
- 27) Gudvangen
- 28) Finse
- 29) Grimstad

VERDENS HOVEDSTEDER

- 1) København
- 2) Washington
- 3) Montevideo
- 4) Kairo
- 5) Madrid
- 6) Budapest
- 7) Bangkok
- 8) Paris
- 9) Havana
- 10) Oslo

- Bokn attraktiv å bu i

Ronny Carlson

Folketalet for alle aldersgrupper aukar i Bokn. Netto har talet på boknarar vaks med ti prosent sidan årtusenskiftet. Men næringslivet i Bokn er sårbart. Den største verksemda, Grieg Seafood, sysselset åleine 35 prosent av alle i privat sektor.

Det er noko av det ein kan lesa om Bokn i rapporten «En region – ett ansikt».



Rapporten er laga for Haugaland Vekst av analyseverksemda Menon Business Economics og tek for seg økonomisk samhandling i Haugesundregionen. Det heile er ledd i eit større nasjonalt byregionprogram iverksatt av Kunnskaps- og moderniseringsdepartementet (KMD). Føremålet er auka kunnskap om samspelet mellom by og omland for å sjå kva moglegheiter for næringsverksemder som ligg i dette.

I alt 33 byregionar og 187 kommunar tek del i prosjektet, mellom dei er Bokn og dei ni andre kommunane i Haugaland Vekst.

Potensial

Samfunnsvitarane meiner det er for tidleg å seie noko om verknadene av T-sambandet, men røynslene Sveio har med Trekantsambandet gjer dei optimistiske med omsyn til Bokn. Dei trur på vokster for næringslivet, pendling og bustadutvikling.

Samstundes skriv Menon at næringslivet i Bokn er sårbart fordi talet på verksemder er lite. Bokn sine moglegheiter ser dei i å utvikla eit næringsliv som leverer varer og tenester til kundar utanfor regionen. – Kommunen bør satsa på næringsliv som kan transportere varer sjøvegen, heiter det.

Rapporten finn det overraskande at det er lite lokalt næringsliv som rettar seg mot lokalmarknaden. Det tyder på at Bokn er sterkt integrert i ein større bu- og arbeidsmarkardsregion.

Her ligg det og eit potensial for nye etableringar. Klarer kommunen å auke folketalet til det Menon kallar «kritisk masse», aukar og etterspрудen etter tenester lokalt, men nyetableringar vil vere avhengig av at folk handler lokalt for å overleva.

– Å utvikla vidare Bokn som ein attraktiv bustadskommune kan difor vere ein strategi i seg sjølv, meiner samfunnsvitarane.

Her er nokre tal frå rapporten:

Bokn hadde 868 innbyggjarar i 2014. Bokn hadde i 2012 317 arbeidsplassar, 105 innan privat sektor, 212 i annan sysselsetting. Differansen mellom arbeidsplassar og innbyggjarar i arbeidsfør alder var i 2012 på 211 personar. 66 prosent av dei som har jobb i Bokn bur og i kommunen.



Inger Kallevik Håvik er leiar for byregionprosjektet i regi av Haugaland Vekst.

Foto: Grethe Nygaard

Det pendlar arbeidstakrar inn frå Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio og Sauda.

25,7 prosent av boknarane hadde i 2013 høgare utdanning, 54 prosent av befolkninga har fagutdanning/vidaregående utdanning.

Arena for moglegheiter

Prosjektleiar i Haugaland Vekst, Inger Kallevik Håvik, seier Menonrapporten skal leggjast fram for politikarar og lokalt næringsliv på to konferansar i midten av februar. Dei vert kalla moglegheitsarenaer og vert haldne i Sandeid samfunnshus 12. februar og på Radisson Blu hotel i Haugesund dagen etter.

– Innan 1. mai må så den einskilde kommunen avgjere om dei ynskjer å vera med vidare i dette arbeidet om kva som må til for at næringslivet skal satsa i Haugesundregionen. Det er snakk om å møta framtida sine utfordringar, både som regionen og i den einskilde kommunen, seier ho.

15 bueiningar

Jardar Havikbotn

Boknaselskapet Nibe hadde det første kranselaget på Øyrefeltet i november 2010. Nå har dei bygd 15 bueiningar i Bokn.

16. januar var det kranselag igjen, med det same byggefirmaet, dei same snikkarane og dei same entreprenørane som for vel fire år sidan. Denne gong høgt oppe i Havnavegen, med upåklegeleg utsikt i aust og stor skjermvoll mot E39 i vest.

Kjeda einebustader

Nibe er kjent for tomannsbustadene sine. I dette prosjektet blei ting endra undervegs, frå to tomannsbustader til tre hus som heng saman med carportar - såkalla kjeda einebustader.

- Det blei ikkje plass til to tomannsbustader. Forma på tomta gjorde at det var fornuftig å bygga slik, fortel Tormod Våga i Nibe.

To av husa, som er nøkkelklare 1. juni, er selde. Kjøparane deltok på kranselaget. Dei som er interesserte i det ledige huset kan sjå dette på finn.no. Buarealet er på 78 m². I carportane er det ei bod på 5 m². Prisen er kr. 2.790.000,-

Husa er bygde på husbankstandard, som har høgare energikrav enn elles. Det blir nemnt skyvedør, sprosser, vedomn, ferdig carport, utelys-spottar og varmekabler i golvet.

Gunstig tid

Både Tormod Våga og Per Berge i Berge Sag var opptatt av den gunstige finansieringa som bustadkjøparar får for tida.

- Nå er det ei gulltid for dei som skal kjøpa seg hus. Sånn som det er nå kan ein ikkje bu billigare enn å kjøpa det sjølv. Det er ekstra kjekt å overlevert det når ein veit at det er guns-



Dei kjeda einebustadene, 16. januar.



tig på alle måtar, sa Tormod då han ynskte velkommen til bordet.

Per Berge gjekk endå lenger då han takka for oppdraget, på vegne av Berge Sag;

- Kjøparane får eigentleg betalt for å bu. Eg trur at ein rundt påske kan binda renta for 3-10 år på 1,5 til 2%, og med ein gjennomsnittleg prisstigning på 4% og 27% frådrag på rentene, har ein tent 3% i året på å bu, meinte Per Berge og la til at det er veldig viktig og lurt å koma seg tidleg inn i bustadmarkedet, for å delta i verdistigninga.

Nye prosjekt

Nibe har meldt si interesse for Fyren bustadfelt, men det er Våga-feltet som er det største prosjektet. Her er det planlagt 41 nye bueiningar. Det er seks der i dag. Det blir tomtsal på feltet på Austre Bokn, som er utbygt i privat regi. Nibe kjem til å

bygga ut ein del på Våga-feltet, som nå er hos Fylkesmannen til behandling.

Tormod trur ei realisering av det nye byggfelta i Våga vil bety mykje for auke i innbyggartalet i kommunen. Han bekreftar at det har vore bra interesse fra folk som har hørt om feltet og vil bygga der, og nemner igjen at viss renta held seg gunstig er det ei gulltid for folk som vil gå inn på bustadmarkedet.

Han eig Nibe saman med Bernhard Våge og Helge Solberg. Sistnemde ynskjer å bygga ut ei båthamn frå heimagarden i Våga. Hamna vil bli mot søraust og få 25 båtplassar og 10 naust. Planen er ute til høyring. Hamna vil ha mogelegheit for utviding til bortimot 100 båtplassar, avhengig av responsen i første trinn.

Karane i Nibe ligg ikkje på latsida.



Kommunale avgifter	2014		2015	2014	2015
(sats pr. år der ikkje anna er oppgitt)	(inkl mva)	endring		netto	Netto
Slamavgift	945	0 %	945	756	756
½ slamavgift	474	0 %	474	379	379
¼ slamavgift	246	0 %	246	197	197
½ slamavgift 8m3 tank	670	0 %	670	536	536
Slamavgift 12m3 tank	1 341	0 %	1 341	1 073	1 073
Slamavgift 6m3 tank	869	0 %	869	695	695
Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner	etter faktura				
Feiing og brannsyn / tenesten vert kjøpt av Tysvær og vi fylgjer deira satsar					
Feiing kvart år	745	0 %	745	571	596
Feiing pr. pipe (kvart 2.år)	497	0 %	498	364	398
Feiing pr. pipe (kvart 3.år)	412	0 %	411	302	329
Feiing pr. pipe (kvart 4.år)	372	0 %	343	274	274
Tilsyn med gassformig brensel	248	0 %	229	183	183
Feiing hytter pr feiing.	745	0 %	683	546	546
Renovasjon / Med forbehold om at satsane vert vedtatt av HIM IKS sitt styre					
Renovasjonsavgift standard	2 931		2 931	2 345	2300
Lite renovasjosabonnement	2 492		2 492	1 993	1955
Stort renovasjonsabonnement	5 863		5 863	4 690	4600
Abonnement.m/stor restavfallsdunk	5 276		5 276	4 221	4140
Abonnement m/stor papirdunk	3 224		3 224	2 580	2530
Hytte renovasjon	1 759		1 759	1 407	1380
Ekstra henteavstand inntil 30m	1 450		1 450	1160	1160
Kloakk					
Kloakkavgift inntil 250	3 561	0 %	3 561	2 849	2 849
Kloakkavgift Hytte o.a. eigedomar	1 691	0 %	1 691	1 352	1 352
Tilknytningsavgift kloakk	25 000		25000	20 000	20 000
Tilknytning avløp utanom hovudbruk	6 250		6250	5 000	5 000
Vatn					
Tilknytningsavgift vann	25 000		25000	20 000	20 000
Tilknytning vatn utanom hovudbruk	6 250		6250	5 000	5 000
vannavgift bolig	5 459	0 %	5 459	4 367	4 367
Vannavgift gardsbruk	8 735	0 %	8 735	6 988	6 988
Vannavgift hytte oa. eigedomar	2 724	0 %	2 724	2 179	2 179
innstallasjon av vannmålar	994	0 %	994	795	795
Fast abn.gebyr vatn (vannmålar)	1 926	0 %	1 926	1 541	1 541
Forbruksgebyr vatn pr.kbm	15,00	0 %	15	12	12
Leige av vannmålar tom 25mm	496	0 %	496	397	397
Leige av vannmålar 25-50mm	994	0 %	994	795	795
Leige av vannmålar 51-150mm	1 788	0 %	1 788	1 430	1 430
Leige av vannmålar større enn 150mm	7 946	0 %	7 946	6 357	6 357
Bygdablad					
Abonnement papir el.PDF	404	5 %	424	404	424
Abonnement papir +.PDF	578	5 %	607	578	607
Annonse: 1/8 side	250	0 %	250	200	200
Annonse: halvside	1 000	0 %	1000	800	800
Annonse: heilside	2 000	0 %	2000	1 600	1 600
Annonse: kvartside	500	0 %	500	400	400

Fastann.etter avtale		0 %	0		0
Privatannonse	100	0 %	100	80	80
Nettannonse	100	0 %	100	80	80
Barnehage					
11 betalingsterminar endringstidspkt fra 1.aug.2015 (følger statens satser)	pr. 01.08.14	endring	pr.01.08.15	ingen mva	
Heildag - 5 dg/veke	2 360	1 %	2580		
Heildag - 3 dg/veke	1 420	1 %	1436		
Heildag - 2 dg/veke	950	1 %	960		
Kost 5dg/veke	250	0 %	250		
Kost 4dg/veke			225		
Kost 3 dg/veke	155	1 %	200		
Kost 2 dg/veke	120	0 %	120		
Dagplass	200	0 %	200		
kost dagplass	13	0 %	13		
Diverse sal	2014	endring	2015	ingen mva	
Bygdabok pr. bind.	450		450		
CD v/Spurkeland	150		150		
Boknaspenna nål / smykke	1 100,- /1.400,-		1 100,- /1.400,-		
Krus	75		75		
Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter)	50		50		
Kopiar svart/kvit ant.1-100	0,50		0,50		
Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx	0,30		0,30		
Kopiar farge ant. 1-100	2,00		2,00		
Kopiar farge ant. 101-xxxx	1,50		1,50		
Plastlaminering	10,00		10,00		
Musikkskulen	ingen mva	endring		ingen mva	
Einetimar (20 min)	734	5,00 %	771		
Einetimar (30 min.)	1 100	5,00 %	1 155		
Delt time (20 min)	368	5,00 %	386		
Delt time (30 min.)	550	5,00 %	578		
Instrumentalgrupper	756	5,00 %	794		
Leige instrument	355	5,00 %	373		
sang, dans,drama	585	5,00 %	614		
Rådmannen får fullmakt til å fastsette brukarbeta- ling for kortare kurs og tilbod					
Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet.					
Søskenmoderasjon barnehage 30% (på rimelegaste tilbud)					
Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barne- hage)					
Søskenmoderasjon 50% på barn 3.					
SFO - takstendring fom 1.08.2014					
10 betalingsterminar (bet.fri. juni og juli)	2014/2015	endring	2015/2016	ingen mva	
Heil plass skuledagar	2 355	0,00 %	2 355		
Heil plass skuledagar + skulefridagar	3 476	0,00 %	3 476		

Skulefridagar	1 120	0,00 %	1 120	
5 dg/u. Før skulestart	785	0,00 %	785	
5 dg/u Frå skuleslutt til 1410	361	0,00 %	361	
5 dg/u Frå 1410 til 1630	1 209	0,00 %	1 209	
3 dg/u. Før skulestart	457	0,00 %	457	
3 dg/u Frå skuleslutt til 1630	704	0,00 %	704	
2 dg/u. Før skulestart	326	0,00 %	326	
2 dg/u Frå skuleslutt til 1630	504	0,00 %	504	
Frukost alle dagar	222	0,00 %	222	
Frukt alle dagar		0,00 %		
Pleie og omsorg	2014		2015	ingen mva
Opphold og hjelpe i heimen fylgjer dei maksimal-satsane som Stortinget vedtar. *)		Maksimalt vederlag pr. mnd i 2014		
Fribeløp før beregning av vederlag	7 250		7 250	
fribeløp før beregning av vederlag ved dobbelt rom	35 000			
Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2013 (forutsetning for vederlagsberegning)	3 000			
Dag/natt opphold *)	74	3 %	74	
Døgn opphold *)	142	3 %	142	
Heimehjelp timer inntil 2 G	44	180	160	
Heimehjelp timer 2G-3G	51	770	188	
Heimehjelp timer over 3G	73	825	230	
Trygghetsalarm pr.mnd. Kr 115,-	1 380		1 380	
Middag	62	21,00 %	75	
Middag dagsenteret	62	21,00 %	75	
Husleigeinntekter				
Husleiga på alle kommunale bustader vert indeks-regulert 1.10. med konsumprisindeksen				ingen mva
Nye gebyr ved manglende betaling (ihht inkas-soforskriften)	max sats		max sats	
Purregebyr	pt. 63,-		pt. 63,-	
Innkassogebyr	pt. 189,-		pt. 189,-	
Forsinkelsesrente	pt. 9,5%		pt. 9,5%	
Oppmåling og tinglysningsgebyr vert fakturert etter faktisk kostnad + kommunalt adm.gebyr på kr 95,-				

Tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-1

	2014	auke	2015
Bustader og fritidsbustader i regulert område	8 398	15 %	9 658
Bustader og fritidsbustader i uregulert område	11 198	15 %	12 877
Driftsbygningar/ landbruksbygg over 1000 m2 BRA	11 759	15 %	13 523
Mellombels bygg og anlegg som skal stå meir enn 2 år	4 199	15 %	4 828
Bryggje, molo m.m.	4 199	15 %	4 828
Brønn, basseng dam	4 199	15 %	4 828
Garasje, naust, uthus, redskapshus og liknande	4 199	15 %	4 828

Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off.bygg m.m	11 759	15 %	13 523
Fasadeendring o.l., tilbygg BRA over 50 m ²	5 599	15 %	6 439
Bruksendring	2 800	15 %	3 220
Riving	2 800	15 %	3 220
Byggeteknisk installasjon, pipe, heis og liknande	2 800	15 %	3 220
Oppdeling/ samanføying av bustadeiningar	2 800	15 %	3 220
Innhedning mot veg, skilt eller reklame	2 800	15 %	3 220
Frådeling av eigedom	2 800	15 %	3 220
Vesentleg terrenginngrep	2 800	15 %	3 220
Veg og parkeringsplassar	2 800	15 %	3 220

Tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2 og som tiltakshavar skal stå føre

Mindre tiltak på bygd eigedom	1 680	15 %	1 932
Alminneleg driftsbygning i landbruket opp til 1000 m ² BRA	2 800	15 %	3 220
Mellombels bygg og anlegg som skal stå mindre enn 2 år	1 680	15 %	1 932
Fasadeendring og liknande, tilbygg opp til 50m ² BRA	1 680	15 %	1 932
Garasje, naust, uthus, reiskapshus og liknande opp til 70 m ²	1 680	15 %	1 932

Andre gebyr

Dispensasjon etter pbl § 19-1	5 599	15 %	6 439
Løyve til å setja i gang	2 800	15 %	3 220
Minstegebyr, andre slag arbeid	2 800	15 %	3 220
Utsleppsløyve for nye og rehab. av private avlaupsanlegg	4 199	15 %	4 828
Godkjenning av ansvarsrett utan sentral godkjenning	2 239	15 %	2 575
Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning	-	15 %	-
Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak som kommunen blir merksam på og som ein må forfølgja. Gebyret kjem i tillegg til andre byggesaksgebyr	11 109	15 %	12 775

Plansaker etter pbl kap. 12

Detaljplan i samsvar med overordna plan i bygeområde under 20 daa	44 436	15 %	51 101
Detaljplan i samsvar med overordna plan i bygeområde 20 - 50 daa	74 060	15 %	85 169
Detaljplan i samsvar med overordna plan i bygeområde over 50 daa	103 684	15 %	119 237
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i bygeområde under 20 daa	74 060	15 %	85 169
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i bygeområde 20 - 50 daa	103 684	15 %	119 237
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i bygeområde over 50 daa	133 308	15 %	153 304
Mindre regulatingsendring	14 812	15 %	17 034

Bokn sanitetsforening

hadde årsmøte 9. februar. I tillegg til vanlige årsmøtesaker bandt vi fastelavensris.

I 2014 har det ikke vært særlig aktivitet. Basaren 4. juni innbrakte kr. 48.770,-

Elles har det vært bevilget penger til forsking gjennom våre fond. Pensjonister og uføre medlemmer blir sponset til fotpleie.

Basaren dette året vil gå til trivselstiltak for eldre + barn og unge i Bokn. Styret blir det same som tidligere år.

Reidun Grønnestad

GRATULERER!



Kjell Frode Lie - 40 år,
20. februar.

Vi vil gratulere verdens beste pappa, Kjell Frode Lie, med 40 årsdagen den 20. februar.

Kjempeglad i deg!

Hilsen Eiril og Unni

GRATULERER!

Nyttårshelsing frå ordføraren

Bokn kyrkje 31.12.14

Kjære kyrkjelyd!

Eit heilt nytt år ligg framføre oss. Det ligg der blankt og fullt av håp. Nytt, ubrukt og fullt av moglegheiter, men kanskje også med utfordringar og overraskingar. Årets slutt er verken ein slutt eller ein start, men eit framhald, med all den visdom som erfaring kan fylla oss med.

Den erfaringa me tar med oss inn i fortsetjinga, er at gullalderen for norsk økonomi er på hell. Mykje tyder på at 2015 blir eit brattare år enn året som nå tikkar ut. Svak krone og kraftig fall i oljeinvesteringane gjer at Statistisk sentralbyrå i stor grad jekkar ned vekstestimatane for norsk økonomi. Heldigvis meinar sistnemnde at aktivitetsveksten i norsk økonomi tar seg opp igjen i 2016.

Likevel ser me at det vil bli tøffare tider for mellom anna kommunesektoren. Sidan 2005 har Bokn hatt ein god auke i dei frie inntekta. Men etter sju gode år fylgjer ofte sju dårlege år. For Bokn ser det ut for at me vil måtte strame inn i tida framover. Nedstenginga av gasskraftverket på Kårstø er ein medverkande årsak til at Bokn får ein tøffare økonomi neste år.

Mange spennande prosjekt i Bokn

Men det er god indremedisin i å trekka fram det positive som har skjedd, og sjå litt på dei spennande moglegheita som ligg framføre oss. I løpet av 2014 har det blitt starta opp og gjennomført mykje arbeid som er viktig for boknasamfunnet, som også vil bidra til at Bokn framstår som ein attraktiv, spennande og moderne kommune. Noko som vil kunne bidra til at folketalet kryp oppover – noko alle kommunar er svært avhengige av.

Skal folketalet gå opp, må folk ha ein stad å bu. Arbeidet med å utvida bustadfeltet på Fyren og utbetring av Fyrevegen starta opp i haust, og prosjektet vil gje oss nye bustadomter når det står ferdig ut på vårparten 2015. I tillegg er det fleire private bustadprosjekt som har blitt gjennomført i år, og fleire vil bli starta opp i 2015.

Mykje viktig førebuande arbeid er gjort i samband med planlegginga av fleirbrukskall i Føresvik, og ein milepål blir nådd over nyttår når anbodsarbeidet kjem i gang. Ein tek sikte på oppstart av grunnarbeidet i fyrste halvår 2015. For boknarar i alle aldre vil ein slik hall bli ein stor ressurs, samstundes som det er eit nytt og viktig tilbod i samband med marknadsføringa av kommunen.

Tilbod om fiberbasert breiband er viktig for ein moderne kommune som ynskjer å vera attraktiv, og er blitt ein like sjølvsagt del av infrastrukturen som vatn og avløp. Utrullinga av fiberbasert breiband i Bokn er inne i sluttfasen, og har til nå sikra svært mange boknahusstandar- og verksemder stabilt og kraftig breiband til alle delar av kommunen.

Også planlegginga av Rogfast går sin gang. Kommunestyret i Bokn vedtok den 24. juni planprogrammet for Rogfast. Med det godkjende det den endelege trasèen for Rogfast frå Lauplandsvågen til Knarholmen. Det



Ordførar Kyrre Lindanger i samtale med prest Arne Aurdal.

Foto: Reidar Alvestad

blei då satt ned eit tverrpolitisk arbeidsutval, Rogfastutvalet, som skal jobba opp mot Rogfastprosjektet. Reguleringsplanarbeidet går for fullt og ifylge prosjektleiar Tor-Geir Espedal vil kommunen motta forslaget til reguleringsplan på nyåret. Oppstarts-tidspunktet er rett nok endra noko - nå er det snakk om oppstart i 2017 med ferdigstilling i 2024-2025. Prosjektet er nå kostnadsberekna til 13,8 mrd. kroner.

Samstundes er det frå regjeringa satt av planleggingsmidler til firefeltsveg mellom Lauplandsvågen og Aksdal. Det er usikkert kva tidshorisont vegmynda har på dette prosjektet, men signal me har fått tydar på at sentrale krefter ynskjer å sjå prosjektet i sambanheng med Rogfast og planlegge for ein samanhengande motorveg mellom Ålgård og Bergen. Me veit då at dette kan innebere ny kryssing av Boknasundet lenger sør enn i dag. Dermed kan boknasamfunnet på sikt sjå ein ende på ulempa det er å ha ein europaveg gjennom dei mest tettbygde områda av kommunen.

Kommunestruktur

Nytt vefsamband til Tysvær kan gi næring til forkjemparane for ei anna sak som vil krevja mykje merksemد og som vil leggja beslag på verdfull arbeidstid hjå kommuneleiringa i Bokn; Kommunestruktursaka. Trenden i Noreg og elles i Europa er å konstruera store, sentraliserte samfunnseininger. Regjeringa er ambisiøs i så måte og har starta opp ein kommunereform som inneber at ein tek sikte på å redusera talet på kommunar her i landet.

Kommunane på Haugalandet blei i haust inviterte til å bli med i ein prosess for å vurdera og avklara om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Bokn og Tysvær gjennomførte – i samarbeid med Telemarkforskning - alt i 2005 og 2006 ei omfattande utgreiing med omsyn til å slå saman dei to kommunane. Dette arbeidet munna hausten 2006 ut i ei rådgjevande folkeavrøysting som resulterte i at 78 % av boknarane røysta mot kommunesamanslåing.

Det er neppe nokon løyndom at eg ikkje er veldig glad i denne reforma, og det handlar ikkje om at eg ikkje meinar at til dømes Tysvær er ein god nok kommune å slå seg saman med, men det handlar først og fremst om at boknarane bør styra i eige hus og vera eigen kommune – slik ein har vore i 165 år. Blir kommunehuset stengd, forsvinn ein pilar i samfunnet, og då kan i neste omgang fleire fort falla. Dette veit me frå andre land som har gjennomført den same øvinga, slik som i nabolandet vårt Danmark.

Gjennom 165 år har generasjonar av kommunestyrerrepresentantar i Bokn tilpassa og forma lokalsamfunnet vårt, og har skapa ei tenesteform- og kvalitet som er godt tilpassa våre forhold og behov. I dag kjem me svært godt ut på dei fleste typar

målingar og kommunebarometre når det gjeld tenestekvalitet, og det meinar eg heilt sikkert kan tilskrivast det at me styrar i eige hus.

Å få tilbake kommunestatusen er ei sak som er svært vanskeleg – om ikkje umogleg – å gjennomføra viss ein først har laga større kommuneeiningar. Sannsynlegvis vil ein aldri klare å overtyde storsamfunnet om at Bokn bør vera ein eigen kommune igjen viss kommunestatusen skulle gå tapt. Eg meinar det er verdt å kjempe for det lokale sjølvstyret, slik våre forfedre gjorde det i 1850. Det sat langt inne å gi Bokn kommunestatus den gang - det vil sitja endå lenger inne å gi oss denne statusen i framtidia. Å ha ein kommunestatus er svært verdfullt og unikt, og gir oss svært mange fordeler og mogleheieter.

Regionrådet for Haugalandet handsama i oktober spørsmålet om kva rolle rådet skal ha i prosessen. Medlemskommunane, med unntak av Bokn og Tysvær, bestemte seg i møtet for å gå i gang med eit forprosjekt kor det til våren skal leggast fram eit forslag til vidare prosess. Hastverk er eit viktig element for dei ansvarlege bak reforma. Likevel gjorde kommunestyret i Bokn på møte i haust vedtak om å utsetja arbeidet med reforma til proposisjonen om kommunane sitt nye oppgåvebilete blir lagt fram på vårparten. Sjølv om det er delte meininger om dette, meinar eg nok me kan ta oss tid til å få fleire premisser på bordet.

Heilt sidan formannskapslovene blei innførte i 1837 har kommunane vist ein enorm tilpasningsevne i takt med endra oppgåvebilete, og lite tydar på at denne evna er svekka – snarare tvert imot! Det er ulike ståstadar i dette spørsmålet, farga av alt frå eigne ambisjonar, politisk agenda og ambisjonar, tidlegare erfaringar kring kommunesamanslåing, kor i landet

ein bur, posisjonering av eigen kommune og så bortetter. Å skapa store samfunnseininger er i tida i Noreg og resten av Europa. Politireforma er eit anna døme på ynskjet om å sentralisera samfunnsinstitusjonar og skapa store einingar. Kommunereforma og politireforma er altså knytt til vår tids samfunnsstrømmingar, og er – når ein tenker etter – to sider av same sak. Om det er ein rett veg å gå vil tida vise. Eg meinar eg veit svaret.

Sjølv om storsamfunnet pressar på for at bygder som Bokn skal miste sin kommunestatus, har me i kommuneleiringa eit ansvar for å drive og vidareutvikla lokalsamfunnet uavhengig av kva prosessar ein eventuelt skal inn i. Og det skal me gjera. Det er svært mange oppgåver og prosjekt å jobba med, sjølv om det er både ressurs- og tidkrevjande for alle som har arbeidet sitt på Boknatun.

2015 blir eit krevjande, men godt år

Det er ikkje mykje me kan vera sikre på ved inngangen til eit nytt år. Men me veit at med dei kalenderblada me endå ikkje har snudd, så kjem det både sorg og glede, frustrasjon og begeistring. Så har me alle lov til å håpa på det beste. For oss sjølv og våre nærmaste. For nabobar og venner - for ikkje å seie alle menneske! For trass i alle tabloide oppslag, velg eg åtru at 2015 blir eit godt år. Eit krevjande, men godt år.




For eg vil heller vera optimisten frå det kjente sitatet til den amerikanske forfattaren William E. Vaughan: «*Ein optimist er oppe fram til midnatt for å ynske det nye året velkommen. Ein pessimist held seg oppe for å sikra seg om at det gamle året forsvinn*».

God nytt år!



Kyrre Lindanger
Ordførar

Biblioteket hadde auke i utlån og besøk i 2014:
 Utlånet i 2014 var 11,94 pr.innb. (10,43 i 2013)
 Besøket var 6,06 pr.innb. (5,85 i 2013)
 I heile landet 2013: utlån 4,7 pr.innb., besøk 4,1 pr.innb.
 Utlånet gjekk opp med 14,9% i 2014, besøket gjekk opp med 4,1%

Eit utval av dei mest utlånte bøkene for vaksne:




Webb, Kathrine: Det forbudte barnet
 Moyes, Jojo: Den ene pluss en
 Lindell, Unni: Brudekisten




Adler-Olsen: Alfabethuset
 Nesbø, Jo: Sønnen
 Archer, Jeffrey: Fedrenes synder

Eit utval av dei mest utlånte bøkene for barn og ungdom:




Guinness world records
 Kinney, Jeff: Hundedager
 Kinney, Jeff: Tøffe tider




Webb, Kathrine: Det forbudte barnet
 Moyes, Jojo: Den ene pluss en
 Lindell, Unni: Brudekisten

Nye bøker:



Selbu strikkebok: 60 selbuoppskrifter: klassikere, historier og nye oppskrifter

Flyboka: En komplett historie
 Røyrane, Eva: Norges låver



Godøy, Bjørn Are: Ti tusen skygger: en historie om Norge og de spedalske
 Austegard, Ada Sofie: Oppdrift: om sorg og vekst
 Frydenlund, Bård: Spillet om Norge: det politiske året 1814

Saknar CD til lydbok:

Nokon som kan hugse å ha lånt denne? **CD nr. 10 manglar.** Om han ikkje kjem til rette må biblioteket kassere boka, får ikkje kjøpt erstatnings-CD.



Har du CD nr. 10?



Kroken på døra - tid for å minnast

Nybygg på is

Det var ikkje småtteri bygget frå 1954 skulle husa: Fyrst var det sjølv sagt rom for banken, kommunale kontor og møterom, trygdekassa og banken skulle få tilhald her attåd doktor, lensmann og heradsagronom. Resultatet var at huset alt frå starten var sprengt frå kjellar til loft. Ut over i 1960-åra blei det kritisk særleg sidan den kommunale administrasjonen svall ut. Når også banken trong meir rom, blei det klar at det var behov nybygg. Hausten 1966 tok difor banken kontakt med kommunen for om mogeleg å få reist eit nytt kombinert bank og kommunebygg. Det førde til at det i desember same året blei sett ned ei fellesnemnd for å sjå på spørsmålet.

I mai 1967 var dei komne så langt at det blei førebudd kjøp av tomt. Det enda likevel med at kommunen veik unna for å reisa bygget. I staden sette ein opp ei kommunal lagerbrakke. Kommunen sto overfor mange andre store oppgåver, mellom anna niårig skule og ny kai i Føresvik. Det enda difor med at prosjektet blei på is.


Kommunen på bygda

Problemet var bare at det gamle bankbygget som romma både kommuneadministrasjon og bank var i ferd med å sprengast aldeles. Stillingen til Hallvard Laupland som kommunekasserar blei gradvis auka til han var fulltidstilsett midt i 1970-åra, i 1969 blei Hans Faye tilsett som den første kommuneingeniøren, i 1971 fylgte Gaute Kro etter som den første formannsskapssekretæren og

Bjarne Håvik kom i 1977 som den første sosialsjefen medan Karin Svendsen starta sommaren 1976 som den første kontorassistenten ved formannskapskontoret. Attåt dette trong også trygdesjefen og likningssjefen i aukande grad sekretærhjelp. Dette tvinga kommunen ut på bygda for å finna rom til dei nye stillingane. Utan utsikt til utvidingar gjennomførte banken i 1976-77 i staden omfattande moderniseringsarbeid i det gamle bygget. Mellom anna blei det laga eit nytt konferanserom, nytt maskinrom og ny skranke, rom nok for dei to fulltidstilsette som det hadde vore sidan 1970. Frå dette året kunne banken også ha full opningstid. Dette medan delar av kommuneadministrasjonen mellom anna hamna i Bokn Handelslag.

Kombibyggs løysinga

Men nett ved desse tider var det i ferd med å skje noko anna på fylkesnivå. Dei tri minste kommunane i



Berta Våge som arbeidande styremann anno 1977.

Foto: Svein Tveide

fylket: Utsira, Kvitsøy og Bokn hadde felles utfordringa med omsyn til å få på plass både eit skikkeleg administrasjonsbygg og eit så viktig servicetilbod som ein sjukeheim innebar. Den 5. september 1977 be-



Frå inngangspartiet i 1977.

Foto: Svein Tveide

handla nemleg Rogaland fylkesutval det vidare fylkesplanarbeidet. I samband med dette, var det klart at desse tri minste kommunane ikkje hadde økonomisk rygg til å fylgja det oppleget som elles var vanleg.

Fylket sette ned det såkalla BUK-utvalet som i løpet av 1978 utarbeide ein handlingsplan for dei tri kommunane der tanken om eit *kombibyg* blei lansert. Det skulle ikkje bare husa banken og kommuneadministrasjonen, men også sjukeheim, helsecenter, bibliotek, tannlækjar, bibliotek og post og kanskje jamvel butikk, kafe, frisør, bygdemuseum og symjehall.

Etter kvart blei det klart for eit slikt bygg og frå 1980 fylgde ei kvass tau-trekking om kvar det skulle liggja. Etter mykje att og fram landa ein i august 1982 på eit utmarksstykke i Føresvik straks nord for skulen. Heile bygget blei planlagt til 1755 kvadratmeter, men enda på mest to dekar. Av dette skulle Bokn Sparebank få 180 kvadratmeter, eit stort framsteg i forhold til dei 70 kvadratmetrane bruksareal banken hadde hatt tidlegare.

Sidan fylgde langvarige tingingar mellom bank og kommune om kjøp eller leige seg lokale. Endeleg 25. november 1986 kunne avtala signeraast om at banken – som ikkje lenger heitte Bokn Sparebank – skulle kjøpa lokalet. Banken tok i bruk *Boknatun* alt frå 1.august 1987, men flyttinga elles gjekk over fleire månadar slik at den offisielle opninga ikkje blei før 1. oktober same året. *Bokn inn i en ny tid* formulerete Stavanger Aftenblad hendinga.

Kan smått vera godt?

Men som nemnt, var det ikkje som *Bokn Sparebank* dei tok i bruk det nye bygget.

Tilbake i 1960 var *Bokn Sparebank* ein av i alt 46 sparebankar i Roga-



Bankkasserar Heine Søndeland innanfor den nye skranken i 1977.

Foto: Svein Tveide

land. Slik hadde det vore sidan 1920-åra og praktisk talt kvar einaste kommune i fylket hadde sin sparebank. I byane kunne det jamvel vera fleire.

I heile landet var det i 1960 kring 600 sparebankar og i Oslo tykte dei dette var for mange. Same året sette difor Staten ned *Bankkomiteen av 1960* med mandat å redusera talet på sparebankar. Argumenta for dette var for det første at småbankane kvar for seg hadde vanskar med å dekka behovet for kapital til næringslivet, for det andre mangla banken kompetanse som kravdes for å fylgja med i ei stadig meir komplisert og rivande økonomisk utvikling og for det tredje fekk dei vanskar med å fylgja med i den teknologiske utviklinga.

I 1963 etablerte sparebankane i Rogaland *Rogaland Sparebanklag* som skulle fylgja opp arbeidet med fusjonering av småbankane. Arbeidet fekk eit kraftig påtrykk 1. januar 1965 i samband med den store kommunesamanslåinga då talet på kommunar i Rogaland blei meir enn halvert. Det førde med seg at fleire nye kommunar fekk mange sparebankar. I Suldal var dei fire: Sand, Suldal, Jelsa og

Sand medan dei i Tysvær var to: Tysvær og Nedstrand.

Dette trykket for samanslåing førde midt i 1960-åra til at Tysvær og Nedstrand Sparebankar gjekk inn i Tørvastad og Skåre sparebank medan Sjernarøy, Rennesøy og Kvitsøy sparebankar gjekk inn i Hetland sparebank.

Bygda som ville styra seg sjølv

Bokn Sparebank heldt seg utanfor denne fusjonsprosessen. Ei årsak var at banken både hadde ein etter måten høg forvaltingskapital og eit røleg næringsliv med forholdsvis små krav til banklån. Dessutan meinte ein i styret og forstandarskapet at ein fusjon ville skada bygdas sjølvråderett.

I 1973 skjedde det to forhold som blei viktige for Bokn Sparebank. Det eine var at banken frå 1. januar 1973 fekk Berta Våge som arbeidande styreformann etter Monrad Alvestad. Som slik blei ho også i praksis landets fyrste banksjef. Det andre var at det same året blei sett ned ein eigen bankstrukturkomité i Rogaland med formål å virka for ein samlande sparebank for heile fylket. Denne

banken fekk i mars 1976 offisielt namnet *Sparebanken-Rogaland*.

Sommaren 1976 låg forslaget om å slutta seg til denne banken ute til høyring og vedtak i alle sparebankane i fylket, men i Bokn Sparebank valde dei samrøystes å halda seg utanfor. Det viktigaste argumentet var framleis sjølvråderett. Dei som slutta seg saman frå starten i Sparebanken-Rogaland, var Egersund og Dalane, Bjerkreim, Nærbø, Gjesdal, Stavanger Sparekasse, Forsand, Fister, Årdal, Finnøy, Skudeneshavn, Stangeland, Torvastad og Skåre, Vats

sparebankar. Med det var den nye sparebanken landets nest største.

SR-Bank Bokn blir til

Fyrst i 1980-åra kom Bokn Sparebank under eit aukande press. Den eine hovudutfordringa var behovet for lånekapital til ei framveksande oppdrettsnærings, det andre var behovet for kompetanse i samband med ei stadig raskare omlegging til data. Bokn Sparebank fekk då tett støtte og oppfylging frå Haugesund Sparebank som ville hindra at Bokn gjekk inn i SR-Bank. Samarbeidet med SR-Bank blei likevel stadig tettare, sær-

leg i samband med å fylgja opp oppdrettsnæringsa.

Så blei vedtaket gjort om å gå inn i SR-bank. Argumentet var at ein fekk storbankfordelar samstundes med forankring i lokalsamfunnet. Gjennom heile 1984 føregjekk førebuingane til samanslåing og våren 1985 innførte ein databehandling i bankarbeidet i Bokn. Den 1. august 1985 gjekk så Bokn Sparebank offisielt inn i SR-Bank og heitte frå då av SR-Bank Bokn. Samstundes blei titelen *arbeidande styreformann* endra til *banksjef*.

Serie av
Birger Lindanger

Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

Westamaranane

Hydrofoilane fyk forbi

Laurdag den 15. januar 1972 var ein merkedag for Bokn og heile Karmsundområdet. Ei rekke samfunnstoppar både frå næringsliv og politikk var med på representasjonssturen til *MS Karmsund*, den første westamaranen som skulle setjast inn i ruta Haugesund – Kopervik – Føresvik – Stavanger og retur. Turen gjekk til Leirvik og mellom passasjerane var dei fire ordførarane frå Haugesund, Karmøy, Bokn og Sauda.

Dette var ei storhending i Nord-Rogalands samferdselshistorie blei det sagt. Og Leif Vatnaland, ordførar i Bokn, sa i tale sin at *boknarane i alt for mange år hadde stått på kaien i Føresvik og sett hydrofoilane fyka forbi*.

Det hadde dei gjort heilt sidan sommaren 1960 då Det Stavangerske Damskipsselskap saman med Sandnæs Dampsiks-Aktieselskab sette



MS Karmsund på sin aller første tur til Stavanger mandag 17.januar 1972.

Foto: Stavanger Aftenblad

hydrofoilen *Vingtor* i rute mellom Bergen, Haugesund og Stavanger. Dette blei ein slik suksess at dei alt året etter også sette inn hydrofoilen *Sleipner*. Slik var starten på eit samband som vara i 41 år til det blei lagt ned.

Og ganske rett, dei fossa forbi Føresvik. På grunn av foilane trongst det spesialbygde kaiar, noko Føresvik mangla. Einast ein hende gong nårvêret var lagleg, kunne dei leggja baugen inntil og sleppa folk på og av.

Men sjølv om desse båtane fekk opp ein fart på 36 knop, hadde dei sine klare manglar. Var det litt bylgjer, laut dei leggja seg nedpå og mista farten. På grunn av dei ekstreme påkjeningane, hende det også dei mista propellen. Og dei tålte så lite sjø, at dei laut gå i vinteropplag i vinterhalvåret.

Westamaranane kjem

Det var difor Haugesundske Dampskipsselskap såg sitt snitt til frå vinteren 1972 å starta med dei såkalla

Westamaran ruten

Haugesund Kopervik
Føresvik Stavanger

F. o. m. 17. januar 1972 og inntil videre.

RUTETIDER:

	06.45	10.40	14.30	19.15
Fra Haugesund	06.45	10.40	14.30	19.15
• Kopervik	07.10	11.05	14.55	19.40
• Føresvik	07.30		15.15	20.00
Til Stavanger	08.15	12.00	16.00	20.45
Fra Stavanger	09.00	12.15	17.30	21.00
• Føresvik		13.05	18.20	21.50
• Kopervik	10.00	13.25	18.40	22.10
Til Haugesund	10.20	13.45	19.00	22.30

Rett til forandring i rutene forbeholdes.
Westamaran-ruten korresponderer med de vesentligste flyforbindelser til og fra Sola. —

AGENTER :
 Stavanger: Jøsenfiord Rutelag A/S,
Telefon 045 - 29 095
 Kopervik: Ths. Øvnarden,
Telefon 047 - 50 247, 047 - 50 340
 Føresvik: Jacob Larsen, Telefon 047 - 75 200
HAUGESUNDS DAMPSKIBSELSKAB
 Tlf. 047 - 27 530 Telex 24 420 — 5500 Haugesund

Den aller første rutetabellen for westamaranruta.

westamaranane. Sjølv om westamaranane bare gjorde 25 knop, viste det seg snart å vera ein suksess. Dei var mykje betre i sjøen og meir driftssikre enn hydrofoilane og drog til seg folk. Alt året etter investerte HDS i ein ny westamaran: *Haugesund* og i 1974 i *Storesund*. Av alle ruter til Bokn, er det ingen som frakta meir folk enn westamaranane. Frå starten fekk Føresvik seks daglege anløp: Kl. 7.30, 15.15 og 20.00 på sør og

Kl. 13.05, 18.20 og 21.50 på nord. Frå først av var anløpet av Føresvik ikkje heilt problemfritt. Båtane blei anvisste å leggja til på sørssida av kaien noko som gjorde dei svært utsette for nordleg vind. Etter kvar blei dei difor flytta lenger nord på kaien og fendra av med store blåser.

Flaggruten

Denne suksesen fekk også konkurrentane i sørfulket til å røra på seg.

Dessutan var det på trappene å leggja ned nattruta mellom Stavanger og Bergen. Våren 1974 blei difor *Flaggruten* etablert. Det var ei westamaran-rute som skulle ha Stavanger og Bergen som endestasjonar og med anløp av Føresvik, Kopervik, Haugesund og Leirvik i mellom. Hydrofoilane blei avvikla dei neste tri åra medan westamaranane *Vingtor* og *Sleipner* blei sette inn frå 1.juni 1974.

Når den eine gjekk frå Bergen i nord, gjekk den andre frå Sandnes og Stavanger i sør. Frå starten fekk likevel denne ruta bare eit anløp på Føresvik – klokka 11.20 på sørsgåande. Turen

Westamaranane var som nemnt gode i sjøen. Men når været var ringt, laut dei stundom gå via Mastrafjorden i staden for inn Byfjorden. Og var det retteleg galt, gjekk dei på austsida av Rennesøy og Austre Bokn og kunne koma til Føresvik frå Fløsund nord på Austre Bokn.

Styrmannen reagerte lynkjapt

For dei som farta i småbåtar i Bokn-sundet, kunne westamaranane stundom koma raskt på. Det gjekk alltid godt sjølv om det stundom var nære på. Ein gong var ein båt fullasta med ungdommar frå Austre Bokn på veg over sundet nett då westamaranen kom frå Stavanger. Det var mørkt, men båten til ungdommane mangla lys. Westamaranen kom i full fart, men brått såg dei på brua ein liten blink straks framom baugen. Styrmannen reagerte lynkjapt og fekk lagt til sides og sette lyskastaren på staden glimtet kom frå. Då dei kom til Føresvik, var styrmannen så skjelven at han mest ikkje fekk opp landgangen.



Hydrofoilane Sleipner og Vingtor.

med westamaran til Stavanger tok elles 40 minutt, til Kopervik eit kvarter og til Haugesund 35 minutt. Fyrst i 1984, etter at Flaggruten tok over HDS sine ruter, gjekk dei over til tri daglege anløp i Føresvik. Etter kvart som konkurransen om å frakta folk mellom Stavanger, Haugesund og Bergen tok seg opp, tapte HDS passasjerar og laut til sist gje opp.

I Føresvik sto Jakob Larsen og kona Selma som ekspeditørar fram til han døydde i 1979. Etter han, var det sonen Oscar Larsen og kona Jorunn som tok over. Dei selde billettar og tok trossene når båtane la til land.

Dei hadde også posten som kom med westamaranen. Når Jorunn henta posten blei posten lempa i land ved at sto ved toppen av land-

gangen som lempa han vidare til Jorunn som sto midt på som så lempa han vidare til svigerinna og postbodet Ingebjørg Larsen som sto på kaien med bilen som dei kørde possten i.

Post på sjøen

Til vanleg gjekk det greitt, men stundom fekk dei også opplevingar utanom det vanlege. Ein laurdag med sørvest kuling og regn gjekk det ikkje likare enn at heile landgangen rauk på sjøen, men blei hengande fast i westamaranen. Jorunn fekk berga seg på land, men all posten på toppen dreiv på sjøen. Oscar fekk då ut båten, og sidan det meste av posten flaut, fekk dei berga han om han enn var litt blaut.

På feil stad

Stundom hende det folk gjekk av feil. Ein gong kring 1980 kom eg med den siste westamaranen frå Stavanger.

Me la til kring klokka 22, og eg la merke til ei eldre kone med to koffertar som gjekk av i lag med meg. Sidan ferja til Austre Bokn ikkje gjekk før klokka 22.45 sette eg kurs for venterommet – og det same gjorde kona. Etter at me var under tak, la eg merke til at ho stadig gjekk til glaset og kikka ut.

Til sist spurde eg om ho venta på nokon. Jodå, sa ho, ho tykte det var merkeleg at ikkje sonen kom for å plukka henne opp. Ho hadde reist heilt frå Grimstad og hadde ringt til han kva westamaran ho tok. Eg spurde då etter kva kar dette var. Til svar fekk eg namnet hans og at han budde i Stangelandsfeltet! I Kopervik!

Forsiktig forklara eg henne situasjonen, og la til at ho godt kunne få overnatta hjå meg på Austre Bokn sjølv om neste westamaran gjekk her frå Føresvik.

Men då me skulle gå om bord i ferja, støytte eg på ei kone frå Krogjen. Eg forklara henne situasjonen, og me



Westamaranen Vingtor.



MS Haugesund.

fann det då greiaast at ho blei med henne heim.

Dagen etter ordna det heile seg og ho kom fram til sonen i godt hald.

Det hende også rett som det var at Oscar og Jorunn laut ta seg av folk som gjekk av feil, stundom i fylla. Det skjedde faktisk også at dei måtte ta hand om folk som hadde kome med feil westamaran og som eigentleg skulle til Sauda.

MS Karmsund 1972 – 1980

MS Haugesund 1973 – 1980

MS Storesund 1974 – 1980

Stavangerske/Sandnæs/HSD

MS Vingtor 1974 – 1988

Sleipner II 1974 – 1988

Draupner I 1977 – 1989

Sleipner III 1989 – 1997

Draupner II 1989 – 2002
(Tyrving frå 1999)

Vingtor 1996 – mars
2010

Sleipner IV 1999

Draupner III 1999 – 2007

Fjordbris 2002 - 2003,
2007 – 2010

Tidebris 2007 – 2013

Tyrving 2007 – 2013

Tideekspress 2008

Tideadmiral 2010 - 2012

Snøggbåtane 1960 - 2013

Hydrofoilane

MS Vingtor 1960 – 1974

MS Sleipner 1961 - 1974

MS Tyrving 1972 - 1977

Haugesund Dampskipsselskap

Westamarankonsesjon på Bergen overført til HSD 1. mai 1980, Haugesund- Stavanger i august 1984. HDS kjøpte då den siste westamaranen, *Haugesund*.

(Meir om westamarane i neste nummer)

- Titt, titt, her e me så blei født i 2014



9 mnd.

Lilja Sofie Mæland, 28.01.14

Malene & Tor Henning Mæland



7,5 mnd.

Annabell Kallevik Våge, 23.03.14

Ingrid Kallevik & Vegar Våge



8 mnd.

Tiril Kristine Jøsang Alvestad, 13.04.14

Lisbeth Grønnestad Jøsang & Erik Alvestad



7 mnd.

Markus Everts & Maria Everte, 07.05.14

Valentina Everte & Arturs Everts



3 mnd.

Adrian Surnevik Aksdal, 04.09.14


Lene Surnevik & Tom Inge Aksdal



6 mnd.

Sara Teodora Stef, 25.07.14

Ana Maria & Dan Teodor Stef



Sander Hausken Brekke, 10.11.14

Heidi Hausken & Tommy Brekke



1 veke

Kulturkalenderen

Endringar/nye arr.

Februar

27. Dåpsskule, Allrommet kl. 12.00-13.30
27. Kino i Auditoriet
28. Bokn Røde Kors har årsmøte kl. 13:00, sjå s. 30

Mars

01. Visitasgudsteneste i Aksdal kl. 11.00 -
Felles for Bokn og Tysvær
02. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma, formann
skapssalen kl. 17.00
03. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00
03. Speidarbasar på bedehuset kl. 18.00
**04. Bokn historielag har årsmøte i Allrommet kl. 19.00,
sjå s. 30**
05. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10.00
06. Dåpsskule, Allrommet kl. 12.00-13.30
06. Bokn bedehus: DISM kl. 19.00
08. Bokn bedehus: DISM kl. 19.00
09. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00
**12. Fra ønskekonsertens glanstid, Allrommet Boknatun
kl. 10.00. Arr. Bokn bibliotek & Bokn sjukestove. Sjå s.
30**
12. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10.00
13. Dåpsskule, Allrommet kl. 12.00-13.30
13. Kino i Auditoriet
15. Gudsteneste kl. 11.00
17. Kommunestyremøte i Allrommet kl. 19.00
19. Bokn bedehus: NMS kl. 19.00
20. Dåpsskule, Allrommet kl. 12.00-13.30
22. Bokn bedehus: NMS kl. 19.00
23. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00
24. Forvaltningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00
26. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10.00
26. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Dåpsskule, Allrommet kl. 12.00-13.30
27. Kino i Auditoriet
29. Gudsteneste kl. 11.00
29. Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
29. Bingo kl. 18.00, arr. Bokn musikkorps
Veke 14 Påskeferie, Bokn skule

April

02. Bokn bedehus: Påskemåltid kl. 19.00
03. Gudsteneste kl. 13.00
05. Gudsteneste kl. 15.00
07. Bokn bedehus: soknerådsmøte kl. 19.30
10. Kino i Auditoriet
12. Bokn bedehus: ABR-senteret kl. 19.00
13. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00
15. Bokn bedehus: Kontaktmøte kl. 19.00
19. Bokn bedehus: Gideon kl. 19.00
24. Kino i Auditoriet
26. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps

26. Gudsteneste kl. 18.00 - Ung messe, samtale-
gudsteneste
27. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00
28. Forvaltningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00
30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

Mai

03. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon
05. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00
08. Kino i Auditoriet
11. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00
15. Løftefornying, Bokn KFUK-KFUM
17. Gudsteneste kl. 10.30
20. Bokn bedehus: soknerådsmøte kl. 19.30
22. Kino i Auditoriet
24. Gudsteneste i Tysvær kl. 11.00 -
Felles for Bokn og Tysvær
26. Forvaltningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00
28. Møte i Kontrollutvalet, Allrommet kl. 18.00
30.-31. Blikshavn-leir for Stifinnarane, Bokn KFUK-KFUM
31. Gudsteneste i Loten kl. 11.00 -
Felles for Bokn og Tysvær

Juni

- 03. Bokn sanitetsforening har basar på skulen kl. 19.00**
05. Kino i Auditoriet
05.-06 Overnatningsleir for Oppdagarane, Bokn KFUK-KFUM
08. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma, formann
skapssalen kl. 17.00
09. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00
14. Bokn bedehus: Normisjon kl. 19.00
16. Kommunestyremøte i Allrommet kl. 19.00
19. Kino i Auditoriet
21. Gudsteneste kl. 11.00
23. St.Hans feiring og 25 års fest kl. 18.00 på nærmiljø-
anlegget. Arr. Bokn KFUK-KFUM

Frå Kjetil Hamre si kommande diktsamling:

EG SPELE

Eg spele på strenger lage ein sang
Om det så va det så komme ein gang

Eg spele i vei på hjerta ditt
Og håpe du vil spela på mitt

Fine tonar øve hav og land
Ord skrevne i den finaste sand
Varsomt klimpre eg nye grep
Knytte oss sammen med spindelvrevrep

Eg spele for livet ein kjærlighetsang
Tonar i nåttå heile dagen lang
Kjærlighet vokse i kvart einaste slag
Vil du ver med meg ein solsommardag

Budsjett med rom for tjenestene

Like før jul var kommunestyret i Bokn samlet i de nyoppussede lokalene på Petra fritidsklubb for blant annet å vedta budsjett og økonomiplan for perioden 2015-2018. Senterpartiet la fram et eget budsjettforslag med mål om en sunn og forsvarlig økonomi, og gode tjenester for innbyggerne i Bokn i årene som kommer.

Forslaget innebærer, i år som i fjor, bygging av nye eldreboliger for utleie, og boliger for salg til de som måtte ønske å eie sin egen "eldrebolig". Nye boliger kan bygges på tomter i Føresvik og finansieres ved husbankens svært gunstige ordninger for den typen bygg.

Senterpartiet sitt budsjettforslag setter av midler for kommunens andel til utviding av vannverk sett i sammenheng med avtalen Rogfastutvalget har inngått med Statens vegvesen.

Budsjettet har også rom for utbedring av feilmonterte toaletter i ny barnehage, nytt utstyr på skolekjøkenet samt automatisk innkobling av strømagggregat ved strømbrudd på sykehjemmet.

Hvor mye må hallen koste?

Vårt budsjett setter av på 33 mill. til innvesteringen i flerbrukskall tilrettelagt for tilknytning til skole. Dette ble av Høyre påstått å være useriøst lave tall. Summen i budsjettet er hentet fra Kvitsøyhallen og en hall som er under bygging i Dirdal. Begge inneholder trolig det samme som man forventer i en framtidig hall i Bokn. Budsjettet på Dirdalhallen er 27 mill., og ser ut til å holde.

Når Ap og Høgre legger inn 39 mill. for å dekke en hall med kalkyle 42,9 mill kunne det vært interessant å se hva som er fordrende i Bokn. Vi håper tegningene snart vises for allmennheten. Kommunen har ikke for mye penger å bruke på en flerbrukskall.

Bygge nytt eller renovere gammelt?

Senterpartiet ønsker en runde på om det er fornuftig å bygge ny skole eller å renovere den gamle. Utredning andre steder viser at å bygge nytt er bedre og billigere enn renovering av snart 50 år gamle skolebygg. Begge alternativer burde vært vurdert før man bestemmer seg. Skulle avgjørelsen bli nybygg burde hallen vært

tilpasset dette. Nye krav for skolen må likevel følges når disse trer i kraft i 2020. Senterpartiet ønsker å bygge flerbrukskallen først og deretter ny skole når behov og økonomi tillater det. Samlokalisering av skole og flerbrukskall i et bygg vil gi store driftsmessige fordeler på mange områder.

Kommunen har mange områder å bruke penger på

Senterpartiets forslag opprettholder dagens tjenestetilbud i Bokn kommune. Budsjettet gir rom for fornuftige og nødvendige innvesteringer og gir Bokn en sunn og forsvarlig økonomipolitikk i årene fremover.

Forslaget fikk støtte fra Krf, men falt dessverre med 6 mot 11 stemmer.

Ap/H valgte å utsette avgjørelsen om hvordan de økte utgiftene det legges opp til i deres budsjett skal innhentes. Dette blir sannsynligvis en utfordring et nytt kommunestyre må løse. Vi håper det finnes en løsning uten at tjenestetilbudet i Bokn må reduseres, og at forslaget om eiendomsskatt på hus og hytter ikke trenger realiseres.

Bokn senterparti

Flerbrukskall: Time out!

Det er fortsatt mange spørsmål som må avgjøres i planleggingen av en hall på Bokn, som vil være et kjempejafs i kommunekassen dersom hallen skal bygges av kommunen som posisjonen (Ap og H) går inn for.

9. februar inviterte derfor Senterpartiet med seg administrasjonen, Ap, H og idrettslaget på tur til Dirdal (ca. 650 innbyggere) for å se på bygdas nye flerbrukskall som ligner mye på den under planlegging i Bokn, men til 25 millioner kroner i stedet for nærmere 40 millioner.



Dirdalhallen, 9. februar 2015.

Historien bak Dirdalhallen vitner om brennende engasjement i lokalbefolkningen for å få hallen på plass. Involvering fra starten og gjennom hele prosessen, folkemøter og stor dugnadsånd er nøkkelord.

Ildsjelene som møtte gjengen fra Bokn hadde følgende råd å gi:

1. Kommunen bør ikke stå for byggingen, men heller et idrettslag som er tilfelle både i Dirdal og flerbruks-hallen på Orstad som gjengen fra Bokn like greit ble busset videre til etterpå for å snakke med entreprenørene.
2. Kommunen bør heller ikke stå for driftsen av hallen, men også den overlates til organisasjonslivet. Som inntektskilder ble det nevnt utleie, reklamesalg, messer og utstillinger, som på Orstad førte til et overskudd

på over 300 000,- for idrettslaget i fjor.

Her må Bokn kommune ta et steg tilbake. Kan vi løse det på en lignende måte som Dirdal og Orstad, og heller spare kommunen sine penger til andre og viktigere oppgaver kommunen har? Har vi et organisasjonsliv og idrettslag, som tross alt må være de mest ivrige brukerne av en hall, som er villig til å løfte fram en hall slik det blir gjort andre steder, i stedet for at politikerne gjør det? Kommunen må forholde seg til flere reguleringer hva innkjøp og anbud angår enn organisasjonslivet, samt at mange sponsorer som støtter prosjekter i regi av idrettslag, forståelig ikke bidrar i kommunale prosjekter.

På direkte spørsmål til konsulent fra entreprenøren som har bygget begge hallene om de kunne bygge tilsvaren-

de Dirdalhallen i Bokn for samme pris, bekreftet de umiddelbart at det kunne de. Den vesentlige forskjellen her lå i om entreprenøren fikk oversendt fordyrende arkitekttegninger, i stedet for å sette opp sin «pakke» som inneholdt det nødvendige for de hallene de tross alt har satt opp før. Også her har Bokn startet i feil ende.

Ordføreren sa på et møte med organisasjonslivet i januar at «dette tross alt ikke er et operahus», men med tanke på våre kommunale budsjett er det et operahus, og vel så det. Nettopp derfor må mange spørsmål avklares før posisjonen tar flere forhastede beslutninger. Det er hele prosessen tjent med slik at vi får et resultat som legger til rette for både idrett og kulturlivet, og som vi alle kan stille oss bak også i framtida.

Bokn Senterparti

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Andor og Dagsentergjengen bytast om å vera best. Denne gongen var det likt. Begge bomma på kva *ein slågdam* og *å vera hesen* var. Elles var utfordringane denne gongen *eit bakkabråd* og *ein kadl*. Resultatet var at begge fekk sju rette.

Då me starta denne spalta for nokre år sidan, lova redaksjonen at dei som fekk flest rette, skulle bli premierte. Nå er det på tide å fylgja opp, og me reknar med at me til våren kan få til eit opplegg. Skulle du ha lyst til å prøva deg på nokre av desse uttrykka, blir også du rekna med.

Forklaringsane:

- | | |
|------------------|---|
| 1. eit bakkabråd | marbakke, i sjøkanten der det blir brådjupt |
| 2. å vera hesen | når ein blir raudsprengd i fjes eller på hender av vind eller kulde |
| 3. eit leide | på ein bakketopp, synsrand |
| 4. eit glette | eit glimt av sol mellom skyene |
| 5. kornmo | fjernt lyn utan torden |
| 6. nebedogg | ørlite regn |
| 7. ei olla | ei bølgje, ei oppkomme |
| 8. ein slågdam | ein oppstemd dam for vatn til tresking eller maling |
| 9. ein kadl | hjul som driv kverna |
| 10. lyngsygja | sauesjukdom |

Månadens uttrykk, kva betyr:

1. ei syltekodla
2. å vera sørpen
3. å vera på tådet
4. å godna seg
5. å halda føre
6. ein skjere
7. å knåva
8. ei knøa
9. ein tase (om dyn)
10. å gå i badl

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 11. mars.

Resultat:

Dagsenterdamene	7 poeng
Andor Borgenvik	7 poeng

Lukke til med oppklaringane. Skap undring og imponer vene og kjende ved å ta nokre av desse gamle orda og uttrykka i bruk!

TellTur; fordi det er god helse som tel!

I oppstartsåret 2014 for TellTur, fri-luftsråda sitt elektroniske system for turregistering (postkassetrim), var det Mariann Bentsen frå Haugesund som vann premiar frå Friluftsrådet Vest og Bokn kommune.

Mariann Bentsen fekk med seg ein flott tursekk frå Friluftsrådet Vest samt eit gavekort på kr. 500,- (XXL) frå Bokn kommune. Mariann, som til dagleg jobbar turnus ute på båt, var ei av 13 personar som hadde gått alle turane på Bokn ein eller fleire gonger. Friluftsrådet Vest foretok lodd-trekning og Mariann kunne denne gong ta med ny tursekk då ho torsdag førre veke mønstra på att.

Stor helsegevinst

For mange som deltar i TellTur er det eit mål i seg sjølv å delta for å gå flest mogleg turar og for å vinne noko. For andre er det ein seier i seg sjølv å bestemme seg for å ta skoa på og for å ta den aller fyrste turen. Det udiskutable er at alle er vinnarar; uansett: Ein vinn betre helse: uansett. Den helserelaterte gevinsten er den store gevinsten. I tillegg har vi lagt opp til at det likevel fins nokre små tilleggspremiar.

Mariann Bentsen likar å gå tur, uansett ver. Det ho likar aller best er å ta toppturar; Boknafjellet har vore eit naturleg topptur-mål i så måte. Det å få oppleve nye plassar samt det sosiale er Mariann sin største motivasjon for å ta ut på tur.
- Ja, og betre helse, sjølvsagt, seier ho.

Men, det er så sjølvsagt at ein mest gløymer å ta det med... Ho går både åleine og saman med vene; like viktig både deler, meiner ho.



Mariann Bentsen med tursekken og gavekortet.

Geocaching

Mariann Bentsen har i løpet av 2014 gått 29 av turane i Telltur-systemet. Ho har vore i Karmøy, Vindafjord, Sveio, Tysvær og Bokn. Ein av lidenskapane hennar er å gå geocaching; GPS er for henne eit heilt sjølvsagt verktøy med på vegen og geocaching-ruta på Bokn kjänner ho godt.

Når vi spør henne om forbettingspotensiale for Telltur som konsept, svarar ho kontant og lattermild, dog alvorleg:


- Få Haugesund kommune med i prosjektet! Eg bur jo der og ville synast at det var flott om også min heim-kommune var med. Men, når det er sagt: Eg har gått alle dei flotte nærturane som finst i Haugesund så det er ingen fare. Eg kjem meg sjølvsagt ut også der. Likevel...

Parkeringskoordinatar

I tillegg kunne ho ynske seg at ein supplerte informasjonen om Telltur til også å vise til parkeringskoordinatar for på denne måten å enklare kunne finne dei tilrettelagde parkingsmoglegheitene. Ut over dette er

Mariann svært godt nøgd med Telltur som konsept hittil.

- Eg skal fortsette å gå tur; vi sjåast kanskje?



I TellTur kan du finne turmål og registrere resultata dine. Du kan konkurrere med deg sjølv eller med andre turgårarar om å nå fleire mål eller du kan rett og slett berre... gå tur. Klikk «Velg turmål»/ «Finn turmål» og klikk deg fram til ditt område for å sjå kva turmål som finst og bli med på tur! Tell tur; tel helse!

Bokn kommune har i 2014 deltatt i konseptet Telltur for første gong. I 2014 har totalt fire turar vore del av dette systemet; for meir info: <http://telltur.no/friluftsradet-vest/bokn> Planen er å utvide med fleire turar i 2015 for om mogleg å få enno fleire med ut på tur slik å kunne bli kjent med enno fleire område; både helsemessige og geografiske.

**Framhald frå s. 3**

krav til utarbeidelse av reguleringsplan og for byggeforbud innenfor 100 meters belte for oppføring av ny båtgarasje til erstatning for eksisterende som skal rives.

2. Det vil være i strid med vedtaket om det foretas endring av etasjeskille slik at 2. etasje får målbart areal eller

dersom bygget tas i bruk som bolig eller fritidsbolig.

3. Søknad godkjennes i henhold til mottatt søknad om rammesøknad med de endringer som er det er vist til på tegningsgrunnlag datert 16.10.2014.



Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Boknatunvegen 36 (Gnr 9, bnr 161, seksjon 5) er solgt for kr 1.600.000 fra May Jorunn Vatnaland og Trond Vatnaland til Alf Martin Malmstrøm Betsi (09.01.2015)

Bokn Bygdablad for 25 år sidan FRÅ NR. 1 1990

LANGE ARBEIDSÐAGAR FOR PENDLARAR FRA VESTRE BOKN

Etter at Austre Bokn er blitt landfast, og det går oftare ferje over Boknasundet, har det sjølsagt blitt mykje enklare for folk frå Austre Bokn å ta seg fram til arbeid eller andre aktivitetar i Nord-Rogaland. Det same gjeld også for folk frå Vestre Bokn som skal til Tysvær eller Haugesund.

Når det gjeld dei frå Vestre Bokn som arbeider på Karmøy, har det ikkje ført til at dei har fått det enklare. Dei har i dag både lengre arbeidsdag og lengre veg.

Tidlegare starta dei kvart over seks-ferja til Kopervik, og var heime att ti på fem om ettermiddagen. I dag må dei reisa kl. 6 frå Føresvik og er heime att litt før fem som før. Altså har dei i dag litt lengre dag enn tidlegare.

Bokn Bygdeblad har snakka med ein av dei som pendlar til Kopervik-området, og han seier at han nok på sikt vil prøva å få seg arbeid enten i Haugesund eller Tysvær. Det vert faktisk for langt å reisa heilt rundt til Kopervik sjøl om det vert noko betre når bruva over Boknasundet er ferdig.

HIM har fått nye nettsider

Økonomileiar i det interkommunale miljøverket, Knut Arvid Hagenberg, fortel at nye www.him.as, som er eit resultat av eit godt og grundig samarbeid mellom HIM IKS og Appex, er lagt til rettes med meir oversiktleg informasjon, og det skal vera lettare å finna fram.

- Eg vil spesielt fremheva at det er lagt ned mykje arbeid for at det skal bli lettare å finna fram til tømmekalender for si eiga adresse, og der er det også enklare å bestilla SMS-varsling før tømmedag samt lasta ned HIM sin App med tømmekalender, seier Hagenberg, som legg til at dei også har lagt inn dei mest vanlege skjemaene, slik at man nå kan fylla ut søkerne o.a. direkte på skjermen og senda dei til HIM.

- Eg håpar at dei nye sidene vil gjera det enklare for alle brukarar å finna fram til rett informasjon, avsluttar Knut Arvid Hagenberg.

Døde i Bokn 2014

Martha Tobie Våge	29. januar
Erna Alfrida Aksdal	09. mars
Bjarne A Våge	12. juni
Konrad Ingleif Hognaland	14. juli
Marie Dirdal	20. juli
Bjarne J Våge	24. desember



Foto: Kjetil Hamre

Held ikkje fartsgrensa

Jardar Havikbotn

Foreldre på Øyrefeltet på Austre Bokn er engstelege.

Bustadfeltet har i dag ikkje fartshumper, men ein del ungar som er ute og leikar, både på hovudvegen gjennom feltet og på alle stikkvegane som har nedoverbakke mot hovudvegen. Fleire og fleire barn kjem også til etterkvart.

Bebuarane som har tatt kontakt med teknisk i Bokn kommune, fokuserer på at mange kører for fort og skapar farlege situasjonar. Dei hevdar også at traktorar som brummar avgårde gjennom feltet i høg fart er eit problem, og ynskjer at noko blir gjort med situasjonen.

Kommuneingeniør, Kjell Arne Valentinsen, seier i ein kommentar at det er kommunen som tar stilling til ev. fartsdemparar i bustadfeltet, og må også ta dette opp med Statens vegvesen.



5. MARS 2010: parti frå Øyrefeltet-sør.

Ole Bull på Lysøen

Kyrre Lindanger

Rikskonsertane, saman med Bokn bibliotek og Rogaland fylkeskommune, inviterte til konsert i auditoriet på Bokn skule den 27. januar med tittelen «Ole Bull på Lysøen».

Dei om lag 40 som møtte opp fekk, gjennom ord og tone, betre kjennskap til han som blei kalla Noregs første superstjerne og fekk oppleva musikken slik Ole Bull sjølv kan ha spelt han.

Verdsstjerne og brådiktar

I 2010 var det 200 år sidan Ole Bull blei fødd i Bergen, og superstjerna blei feira over heile landet. Ole Bull var ein virtuos violinist med enorm sceneutstråling. Han var omgangsven med dåtidas største europeiske kulturpersonar, og han spelte for kongar og fyrstar. Samstundes var han ein svært viktig kulturgeggjar for det unge Noreg. I ei tid då dansk kultur var dominerande i norske byar, viste Ole Bull nordmennene at dei kunne vera stolte av sin eigen norske musikk, språk og kultur.

Ole Bull-entusiastar på skuleturnè

Konserten blei til i samarbeid med Museet Lysøen og Den kulturelle skolesekken og blei framført første gong på Museet Lysøen våren 2010.

Nils Økland er ein allsidig violinist og hardingfelespelar. Han er oppteken av Ole Bull sin spelestil, og er spesielt interessert i Ole Bull sitt forhold til folkemusikk og improvisasjon. Mari Lyssand har vore Ole Bull-entusiast sidan ho byrja som omvisar ved Museet Lysøen i 1989. Ved sida av arbeid som journalist og omsetjar, er ho jamleg konferansier ved konsertar på Lysøen. Trøorgelspelar og pianist Sigbjørn Apeland har, som Ole Bull, bakgrunn frå klassisk musikk,

men arbeider like mykje med folke-musikk og improvisasjon. Til dagleg er han organist i Sandvikskirken i Bergen.

Den tre kvarter lange konserten blei eit nært og tett møte med verdsstjerna, og som ifylgje Bjørnstjerne Bjørnson var "det første og største Festøieblik i det norske folks liv". Før besøket i Bokn, hadde trioen besøkt over 200 skular kring i landet.

I fylgje konferansieren blei det ei god konsertoppleveling i auditoriet denne januar-dagen, takka vera eit aktivt lyttande boknapublikum.

For meir informasjon om Ole Bull og hans utrulege liv, gå inn på nettstadene www.olebull2010.no og <http://olebullutstilling.ifest.no/default.htm>.



Ole Bull

Foto: Rogaland fylkeskommune



Sigbjørn Apeland (piano) og Nils Økland gav i 2011 ut CDen «Lysøen - Hommage à Ole Bull» som har fått strålende kritikkar. Her gjennomførar dei konsert i auditoriet ved Bokn skule.

Kunstgrasbanen fullfinansiert

Jardar Havikbotn

Bokn IL sin kunstgrasbane på Alvestad nærmiljøanlegg er dekka opp økonomisk.

Både opphavlege og nye byggeplanar har forløpende vore drøfta med Bokn kommune. - Det einaste belø-

og reine bidrag frå m.a. Sparebank 1 og Bokn kommune.

- Derfor kan me stolte seia at dette



Anlegget pr. 20. februar.

Styreleiar i Bokn IL, Trond Vatnaland, seier til Bokn Bygdablad at dei starta med eit budsjett på ca. 1,2 mill. kr. Underveis har dette blitt revidert til kr. 2.138.000,-

- Den første framdriftsplanen vår var ferdig kunstdekket hausten 2014, noko me nesten klarte sjølv med eit mykje større prosjekt. Dette skuldast at det er bygd ein kamparena og ikke berre ei treningsløkke, fortel styreleiaren, og presiserer at det har vore full kontroll på budsjett og kostnader heile vegen.

pet som ikkje er dekka inn i form av dugnad og sponsorar i det nye budsjettet, er auka kostnader til sjølve kunstdekket. Dette avklarte prosjektleiari Erik Våga for lenge sidan med styret i Bokn IL, opplyser Trond Vatnaland.

Det umulege muleg

Han skryter av Erik Våga som har gjort det umulege muleg med ein fantastisk dugnadsinnsats, og som har skaffa midlar og materiell frå alle kantar. I pengar har banen kosta Bokn IL ca. 500.000 kr. Dette er i førsste rekke jobba inn av fotballgruppa

store prosjektet ikkje går ut over andre aktivitetar i idrettslaget, seier leiaren, som vil takka alle bidragsytarane - ingen nemnt, ingen gløymt.

- Eg anbefalar at boknarar og sponsorar tar turen ned til nærmiljøanlegget og ser kva Erik Våga og hans medsamansvorne har fått ut av støtta me har fått, avsluttar Trond Vatnaland.

På sponsorlista pr. 15.12.14 i førrenummer av Bokn Bygdablad hadde ein sponsor dotte ut av lista. Det er Håland & Karlsen som har bidratt med gjerder.

Kjernejournal

Jardar Havikbotn

1. mars får innbyggjarane i Bokn kjernejournal.

Åtte rogalandskommunar er blant dei 67 kommunane i Vest-Norge som då får den elektroniske journalen. I tillegg til Bokn er dette Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira og Vindafjord. I kjernejournalen blir det samla viktige helseopplysningars som både du og helsepersonell har tilgang til.

Tryggare helsehjelp

Helsedirektoratet opplyser at det for innbyggjarane vil vera trygt å veta at at dei viktigaste helseopplysningane om deg raskt vil kunna vera tilgjengelege for helsepersonell, og du får tryggare helsehjelp i akutte situasjona.

Tryggare helsehjelp i akutte situasjona

KJERNEJOURNAL

No kan du dele dine helseopplysningar med helsepersonell på [helsenorge.no/kjernejournal](http://www.helsenorge.no/kjernejournal).

Opprettinga av kjernejournal skjer automatisk i kommunen 1. mars. Alle som har folkeregistrert adresse i Bokn vil få ein kjernejournal, viss dei ikkje allereie har reservert seg.

Du kan sjå og legga inn opplysningar i kjernejournalen. Dette gjer du på www.helsenorge.no/kjernejournal. Du loggar deg inn med din elektroniske ID.

Du kan når som helst reservera deg. Dette gjer i innstillingene til kjernejournalen når du er innlogga.

Startar denne våren

I løpet av våren 2015 vil sjukehusa (akuttmottaket, AMK-sentralen og andre avdelingar), legevaktane, samt fastlegane og private spesialistar begynna å bruka kjernejournal.

Helsepersonell skal bruka kjernejournalen i samband med at pasienten er til behandling.

Kjernejournal

Ei ny elektronisk løysing som samlar nokre kjerneopplysningar om deg og helsa di.

Både du og helsepersonell får tilgang til opplysningane i kjernejournalen.

Kjernejournalen kjem i tillegg til pasientjournalane du har hjå fastlege, legevakt og sjukehus.

Helsepersonell har tilgang til kjernejournalen via ein eigen helsepersonellportalen, og du via www.helsenorge.no/kjernejournal

Helsedirektoratet er ansvarleg for utviklinga av kjernejournalen.

Formålet med kjernejournalen:

- gi tryggare helsehjelp
- betra samhandlinga i helsetjenesta
- auka pasient-medverknaden

Bokn Legekontor



Det er ledige plassar på på lista vår!

Sidan i haust har det ikkje vore mogleg å bytte fastlege til Bokn legekontor etter at lista vart fylt opp. Kommunen ynskjer at legekontoret er tilgjengeleg for flest mogleg, og vi

har difor bestemt å opne opp 50 nye plassar.

For å bytte til Bokn legekontor går du til Helfo si sjølvbeteningsløysing eller du kan gjere det på [helsenorge.no](http://www.helsenorge.no).

Fastelgetelefonen har telefonnummer 810 59 500.

Evt kan legekontoret hjelpe deg der som du møter opp her i opningstida vår.

For å gjere det lettare for pasientane våre vil vi også frå neste veke av ha telefonen open alle onsdagar – du treng ikkje lengre skille mellom partall- og oddetallsveker. Ny telefontid vert då tysdag, onsdag og fredagar kl 09-11 og kl 13-14.

Jan Schille

Årets 17. mai-talar


Jardar Havikbotn

Jan Spurkeland blir festtalar på nasjonaldagen.

Årets 17. mai-komite er godt nøgd med at han vil vera med oss på 17. mai. Den 73 år gamle forfattaren, kulturpersonen og kurshaldaren (relasjonsleiing) var skulesjef i Bokn 1976 - 1980. I denne perioden laga han ei rekke boknaviser som i ulike

samanhang blir brukte under arrangement i bygda, sist under TV-aksjonskvelden i oktober 2013.

På slutten av 1980-talet og på opninga av Boknasund bru i 1991 framførte Bokn Blandakor fleire av visene saman med opphavsmannen. Me er også svært glade for at Jan Spurkeland vil ha med seg gitaren på 17. mai, og at me då får høyra igjen nokre av visene - denne gong saman med Boknakoret.



Jan Spurkeland

Foto: norge.no

Kulturmidlar 2015

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

Samtlege som mottok støtte i fjor får tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no.

Nye søkerar kan få søknadsskjema i servicetorget på Boknatun.

Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Støleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkerar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2014 og budsjett for 2015 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2015, og det skal gå fram av søknaden korleis søkeren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllast for å få stønad.

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkeren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturveldar, konserter og utstillingar, osv., eller større investeringar.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

(Velforeiningane i kommunen mottar årleg drifttilskot frå kommunen og treng ikkje søka).

Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2015 blir fordele av formannskapet.

Søknadsfrist 13. april



Kulturprisen 2015

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2015.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen (Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May J. Vatnaland)	2005
Odd Grønnestad	2009
Ragnhild & Artur Trosnavåg	2011
Kjell Frode Lie & Kaj Arne Christiansen	2013

Stikkord for desse personane har vore:

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskriving, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold, kvalitet, ja-menneske, utrøteleg, positiv, inkluderande, kompetanse, kursverksemd og frivillig humanitært arbeid.

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

Frist: 1. juli

Ordførar i nissedrakt

Jan Magne Moi

Kyrre Lindanger kan meir enn å leie kommunestyret. Fredag før jul dressa han seg opp i nisseklede for å ta imot barnehagen på besøk (biletet).

Både barn og personale var imponert over den flotte nissen. Han var flink til å få kontakt med barna og delte ut ein liten pakke til kvar frå sekken sin.

Han lurte på om barna visste kor nissen var når det ikkje var jul? Han foreslo sjølv varmen i syden, men det ville ikkje barna vere med på. Nei, då



var han i Nordpolen og laga presangar til jul.

Flott nisse og flott tiltak frå barnehagen.

Flott julefeiring

Jan Magne Moi

Gudstenesta julaftan var slik den plar vere, med julespel, korpsmusikk og forståeleg tale av sokneprest Arne Aurdal.

Det er ein fantastisk rikdom å kunne ha så flotte kostymer til julespelet og flinke skodepelarar til å dramatisere teksten, lese og synge. Utruleg bra. Tekstane om Jesusbarnet kjem fram på ein mykje meir forståeleg måte når me ser born og vaksne frå bygda som framfører det.

På vegne av soknerådet trekte sokneprest Aurdal fram Ottar Håland til å få ein blom som takk for tenesta med å dreie julestake til born som vert døypte i Bokn. Dette er ei teneste som han har hatt i svært mange år. «Men det kunne godt vore bruk for litt fleire! Det har blitt fødd litt få born dei siste åra,» var kommentaren på kyrkjebakken.

Det var fleire tilstade i år enn i fjar. Slik har det vore auke i fleire år no. Takk til alle som stiller opp med oppgåver og som tilskodrarar.



Mykje folk på galleriet, med korpset i spissen.



Det er ein fantastisk rikdom å kunne ha så flotte kostymer til julespelet og flinke skodespelarar til å dramatisere teksten, lese og synge.

MÆLAND BYGG NYBYGG & REHABILITERING



Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245

Tor Henning Mæland 95221191

Mail: jmm@maeland-bygg.no



Røde Kors Bokn

Årsmøte Bokn Røde Kors

Dato: 28.02.2015 kl. 13.00

Sted: Røde Kors huset på Hognaland

Åpent for alle medlemmer

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling
2. Valg av ordstyrer og referent
3. Årsmelding
4. Regnskap
5. Handlingsplan
6. Budsjett
7. Evt. Saker må meldes inn innen 14.02.2014
8. Valg

Saker kan meldes inn til post@boknrk.no

Enkel bevertning

Styret i Bokn Røde Kors

Bokn historielag

Årsmøte

Bokn historielag har årsmøte onsdag den 4. mars 2015
kl. 19.00 på Allrommet, Boknatun

Det blir vanlege årsmøtesaker med årsmelding, rekneskap, budsjett og val

Eventuelle saker som ein ynskjer å få behandla på på årsmøtet, må sendast til styret v/ Reidar Alvestad innan 20. februar 2014



John Skien

Kjend frå radio og TV i NRK-lokalen – vil kåsera om laust og fast frå karrieren gjennom nesten 50 år

Kaffi med noko attåt

Alle er velkomne

Fra Ønskekonsertens glanstid



Viseduoen Par i hjerter presenterer mange av de mest populære sangene fra 50-tallet og publikum inviteres til å synge med.

Allrommet, 12. mars kl. 10.00. Arr. Biblioteket & Sjukestova.

Formidles av Folkeakademiet Rogaland

Folkeakademiet



Fyren bustadfelt på Bokn

Kommunale tomter for sal

KJEKT PÅ **BOKN**

Kontakt servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no

Åtte einebustadtomter

(Endeleg storleik er klar etter oppmåling)

Tomt 1-3 (storleik ca. 0,8 daa) - pr. tomt kr. 734.000

Tomt 4-8 (storleik ca. 0,7-0,86 daa) - pr. tomt kr. 614.000


Fortløpende tildeling etter søknad.

Tomt for fleirmannsbustader

(Storleik 2,3 daa) - minstepris:

kr. 2.224.000

Sjå elles Bokn kommune sine reglar for tildeling av bustadomter i Fyren bustadfelt: www.bokn.no.



Nyhet!
Nå også leiligheter på
74,4 m²

HAR DU LYST TE Å BU

hima på Bokn...

..men vil ha noe mer lett vindt?



ALVESTADKROKEN

Nye lekre leiligheter i idylliske omgivelser

Vi tilbyr nå leiligheter på både 60 m² og 74,4 m² på Bokn.

Boligene på Alvestadkroken har gjennomtenkte og praktiske løsninger. Det er standard med 2 soverom, men dere kan også velge 1 soverom og større stue. Velger du leilighet i 2. etg. får du ekstra høy takhøyde i stue/kjøkkendel. Båtplass er det også mulighet for i nærområdet.

Boligen kan brukes som fast bolig/fritidsbolig.

altibox

© POPCORNO

60/74,4 m² / Mulighet for startlån i Bokn kommune og inntil 100% finansiering / Kr 0,- i etablering av lån



FOR MER INFORMASJON:
Megler GEIR AUDUN VIKSE, Mobil: 46 85 03 90, E-mail: geir.audun.vikse@dnbeiendom.no

Selger/utbygger Askeland Eiendomsutvikling AS v/ OLAV ASKELAND
Mobil: 90 82 59 90, E-mail: olav@bygg-askeland.no
www.bygg-askeland.no



Takk for tilliten!



Norges mest fornøyde
TV- og bredbåndskunder - 5. året på rad.

100% fiber. alltid.

altibox

ALTIBOX LEVERES AV

Sjekk om du kan få fiber og bestill på
www.haugnett.no



KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. pr.v.
Utvendig lakrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnkleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanl.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
 John Magne 909 24 964
 Epost: kjellfrode75@hotmail.com

Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
 Marked Bokn.

Opningstider blir varslet med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.

Helsing
 Elisabet & Annette
 469 59 513 - 913 28 258



BOKN BYGDA BLAD

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
 Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladet

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Foto, omslag:
 Kjetil Hamre

Gjeldande annonsepriser
 Heilside kr. 2.000,-
 Halvside kr. 1.000,-
 Kvartsid kr. 500,-

Stort framsidebilde:

ROGFAST: Sett fra tunnelen ved Laupland og nordover. Illustrasjon: Statens vegvesen / Cowi as

1/8 side kr. 250,-
 Privattann. kr. 100,-
 Nettannonse kr. 100,-
 Fastannonse etter avtale

NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64


Bokn & Tysvær

begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
 907 83 797
 John Magne Lie
 909 24 964

Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
 52 77 63 39
post@trovag.no



SVENNEBREV

Ønsker gamle og nye kunder velkommen til Hårsmia .

Med ønske om klipp hjemme ordner jeg det.

Åpent alle hverdager.

Mineralogi-sminke for salg.



Mvh.

Hårsmia/Mona

Frisørrommet på Boknatun - i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34



DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Torny Rossebø - aktivitør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefotid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar



SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30 - 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- uteleie av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: **52 75 25 10**
52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdag kl. 08.30 - 15.10

Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinik, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

Bruk refleks!



BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefotid 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

E-postar:

henriette.lindanger@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut



Statens vegvesen



Høyring av forslag til reguleringsplan

E39 Rogfast, Laupland–Knarholmen

vegvesen.no

Statens vegvesen har utarbeida forslag til reguleringsplan med konsekvensutgreiing for E39 Rogfast mellom Laupland og Knarholmen i Bokn. Planforslaget inneholder også tunnel frå grensa til Kvitsøy samt ventilasjonstårn på Kråga. Med bakgrunn i § 3-7 i plan- og bygningslova legg Statens vegvesen dokumenta ut til høyring og offentleg ettersyn.

Planarbeidet er utført i tråd med Bokn kommune si fastsetjing av planprogram 24. juni 2014.

Bakgrunnen for planarbeidet er avgjerd at tunnelen opp mot Bokn skal byggast med slakare stigning enn det som er sagt tidligare. Hovudmålet med planen er å bygge ferjefritt samband over Boknafjorden, E39 Rogfast.



Dokumenta fins på www.vegvesen.no/vegprosjekter. Klikk på Offentlige høringer. Dokumenta finn du også på heimesida til Bokn kommune, samt på Boknatun (kommunehuset).

Det blir arrangert eit ope orienteringsmøte **9. februar kl. 1800** på Boknatun (kinoen), og open kontordag **16. februar kl. 1400–1900** på Boknatun (kommunehuset).

Vi ber om eventuelle merknader **innan 6. mars**. Send det skriftleg til Bokn kommune: Boknatun, 5561 Bokn eller post@bokn.kommune.no

Har du spørsmål om planarbeidet, kan du kontakte Bjørn Åmdal tlf. 950 33 506, eller på e-post bjorn.amdal@vegvesen.no